

Protest mot område for vindindustri.

NVE har presentert 13 område som særleg eigna for vindindustri i Noreg. Denne saka er no til høyring. I område 19 ligg store deler av fjellområda til Gaular kommune. Her er det allereide lagt fram planar som viser særst omfattande inngrep.

Det er overraskande og lite gjennomtenkt at mykje av området ligg innafør nedslagsfeltet til det verna Gaularvassdraget. Det er pålagd, utarbeidd og handheva strenge retningslinjer i 3 kommunar (Balestrand, Gaular og Førde) for framtidig bruk av dette nedslagsfeltet. Vindindustri her får særleg store verknader for Gaularvassdraget som type- og referansevasdrag, eitt av dei viktige vernekriteria.

Det vil også få fylgjer for statusen for Nasjonal Turistveg Gaularfjellet. Deler av strekninga vil falle bort, og kanskje heile strekninga.

Foss i foss er ei prosjektgruppe som sidan 1993 har arbeidd med reiselivsutvikling i Gaulardalføret. Utgangspunktet er den flotte fossenaturen med dei 29 fossane som er lett synlege og lett tilgjengelege frå Fv 13 og Fv 610 langs det verna Gaularvassdraget. Gruppa har arbeidd med 3 hovudtema: Fossestien, fossevegen og nasjonalt fossesenter.

Fossestien er ei 22 km lang godt tilrettelagd vandring frå Gaularfjellet mot Viksdalen. Det er ein av tre anbefalte vandrevegar i Noreg i Geo Spesial Norwegen nr. 4/2013.

Dei delane av Fv 13 som går langs øvre delen av vassdraget, og heile Fv 610 som fylgjer vassdraget nedover mot fjorden, var tenkt presentert som fossevegen. Dette har no fått ei enno betre løysing ved at desse strekningane er ein del av Nasjonal Turistveg Gaularfjellet. Eit hovudtema for denne turistvegen er fossenaturen. Det er mellom anna bygd bru, tilkomst og parkering ved Likholefossen.

Fossesenteret vert det framleis arbeidd med, i hovudsak gjennom ei kommunal nemnd. 3 kommunar og andre har løyvd pengar. Senteret skal presentere den unike norske fossenaturen og tidlegare bruk av vassdrag og fossar. Andre tema er framvekst av elkraft og industri, fossen i folketru og dikting, kunst og litteratur. Vidare om kampen for verning av vassdrag, der Gaularvassdraget var eitt av dei mest kjende. Vatn skal også vere eit hovudtema i senteret med skiftande internasjonale utstillingar. Og senteret er tenkt å ha tett samarbeid med forskning og høgskular. Tomt ved Likholefossen er regulert, og planar for drift / bygning er presentert.

Fossesenteret skal vere eit fyrtårn for reiselivet i Sunnfjord og Sogn. Her skal ein vise fram unik, naturleg og tilnærma urørd vassdragsnatur.

Vindindustri her vil gjere at Gaularvassdraget langt på veg misser sin verdi som det fremste type- og referansvassdraget på Vestlandet. Det vil vere med å spenne bein under planar for fossesenter, og den gode utviklinga som reiselivet i området har no.

Ein ber om at alle vindkraftplanar som berører Gaularvassdraget vert lagde bort.

For Foss i Foss: Merete Larsmon, Jon Moldestad, Ottar Hov, Steinar Ness.

Kontaktperson: Ottar Hov, tlf. 91188466, ottar.hov@online.no